



MÅNADSBREV APRIL 2014



Endeleg er våren og varmen

her! Me har hatt ei flott veke nå, - håpar det varer! Deiligt med SOL og litt enklare påkledning. Fint om alle kan ta med litt lettere sko og pannebånd. Blir veldig varmt med vintersko og tjukke luer nå.....

I mars har me bl.a. hatt fleire **eksperiment** med barna. Det synes dei er spanande. **3. april** skal førskulebarna få tilbringa dagen på Jærmusèet, der eksperiment er tema, (kom til 8.15)

9. april skal 2009-barna få gå på besøk til Tryggheim vid. skule for å sjå på eksperiment. (kom til 9.30)



Tema i april er **VÅR og PÅSKE**. Vi ønskjer at barna skal få kjennskap til noko av det som skjer i naturen om våren. På utegruppene er tema «vårvinna», og me vil vi ha fokus på kva som skjer i jordbruket på Jæren om våren.

Så vil me formidla påskebodskaper gjennom samlinger på avdelinga. Me vil og, tradisjon tru, ha påskevandring for heile barnehagen ein dag før påske.



Mandag 28.april skal me på tur til Jærmuseet. Me går frå barnehagen kl 9.00. Fint om alle kan vera på plass til 8.45, så me blir klar til 9.00. Me planlegg å vera på Kvia frå 10 - 13.(tilbake ca 14)

Me skal leke i museet, ete lunsj og få sjå på lamma.



Tysdag 8. april er de velkomne på **påskefrukost** her i barnehagen. Mellom 7.30 og 9.00.



Onsdag før påske stengjer barnehagen kl. 12.00. Tysdag etter påske er det **planleggingsdag**.



Tysdag 29. april skal me ha **aktivitetsdag**. Barna vert delte i grupper, og skal innom forskjellige aktiviteter. Varm mat ute etterpå!



«Være saman». I april skal me byrja å bruke «flip over» med bilete av ulike situasjonar som kan oppstå i barnehagen. Barna skal då få koma med innspel på kva som er lurt å gjera, å seia osv. Me opplever mange fine samtaler når me har temasamling med være sammen. Ofte har me smågrupper i dei samlingane, og då er det lettare for alle å sei det dei tenkjer.



Vårhelsing frå Anne Margrethe, Gudrun, Irene S, Ingerid, Valdis og Irene VK.

*Barnehagens visjon: KJÆRLIGHET, OMSORG, TRYGGHET OG GLEDE.
UNDRING, NYSGJERRIGHET VOKSNE TIL STEDE.*

